Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet fastsetter følgende mandat for gjennomføring av beredskapsanalyse:
 - a. Analysen skal gi svar på organisering og dimensjonering av brannvesenet som sikrer at regelverk og mål for eierne innfris.
 - b. Analysen skal omfatte beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur uavhengig av kommunegrenser.
 - c. Det fastsettes en prosjektorganisering som sikrer medvirkning fra eiere og ansatte.
 - d. Som produkt av beredskapsanalysen skal det foreslås et brandokument for selskapet.

Utfyllende tekst for mandatet finner en under saksopplysninger.

2. Styret ber daglig leder om å etablere en prosjektorganisasjon som får i ansvar å utarbeide beredskapsanalysen etter mandatet, ref. punkt 1. Prosjektorganisasjonen skal ha en referansegruppe som sikrer innflytelse og medvirkning.

Saksbehandling i representantskapet 24.08.2021

Brannsjefen foreslo endringer i ordlyd for mandat slik at dette samsvarer med terminologi som benyttes i lov og forskrift. Mandat er etter dette:

Eierkommunene ønsker et kosteffektivt og optimalt organisert HBR som kan levere den beredskapen som er nødvendig. HBR må dimensjoneres ut fra en beredskapsanalyse som sikrer at vi innfrir lov og forskrift og de mål som eierne har satt for HBR.

HBR må etablere en helhetlig beredskapsanalyse som tar for seg beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur. Det er viktig at selskapet søker en optimal stasjonsstruktur uavhengig av kommunegrensene. Analysen skal være beslutningsgrunnlaget for fastsettelse av branndokument (brannordning) for Haugaland brann og redning iks.

Det skal opprettes en referansegruppe hvor eierkommunene er representert ved kommunedirektører/rådmenn. Det er viktig med tett dialog og medvirkning underveis slik at nødvendige valg og beslutninger i prosjektfasen optimaliseres og at det er kunnskap om -og eierskap til løsningene. Det er ønske om en 3. partsvurdering underveis i arbeidet. Budsjett og plan for arbeidet utarbeides.

Arbeidet må koordineres mot eiere, politisk og tillitsvalgte. Arbeidet med beredskapsanalyse skal ha følgende leveranser:

- Prosjektbeskrivelse og -plan for gjennomføring.
- Milepælsplan (inkl. hørings-/beslutningsplan).
- Gjennomgang av eksisterende ROS-analyse og rapport som inkluderer forebyggende tiltak.
- Synergieffekter med utfallsrom og tiltaksplaner.
- Beskrivelse av budsjettkonsekvenser for 2022 (kortsiktige tiltak som gir synergieffekt og/eller innsparing)
- Sluttrapport.
- Forslag til branndokument.

Det presiseres fra leder av representantskapet at det må benyttes lokal kunnskap i arbeidet med beredskapsanalysen og det bør være flere eierrepresentanter med i arbeidet videre.

Øvrige kommentarer er at det må være geografisk spredning med tanke på ressurspersoner, men hvor det samtidig forventes en effektiv gjennomføring. Det bør hentes inn erfaringer fra andre brannregioner og det blir vist til beredskapsplaner som er utarbeidet for hver enkelt kommune.

Analysen er en revisjon av eksisterende plan, men må tilpasses mandatet. Videre må analysen behandles i de rette fora før denne fastsettes.

Forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt med de justeringer som ble gjort i mandatet.

Vedtak i representantskapet

1. Representantskapet fastsetter følgende mandat for gjennomføring av beredskapsanalyse:
 - a. Analysen skal gi svar på organisering og dimensjonering av brannvesenet som sikrer at regelverk og mål for eierne innfris.
 - b. Analysen skal omfatte beredskapsnivå, organisering og geografisk struktur uavhengig av kommunegrenser.
 - c. Det fastsettes en prosjektorganisering som sikrer medvirkning fra eiere og ansatte.
 - d. Som produkt av beredskapsanalysen skal det foreslås et branndokument for selskapet.

Utfyllende tekst for mandatet finner en under saksopplysninger.



Statsforvaltaren i Rogaland

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Grunnskuleopplæring for vaksne

Tysvær kommune – Tysvær opplæringscenter

2021

23.06.2021

Samandrag

Det overordna føremålet med det nasjonale tilsynet er å medverke til at alle vaksne med rett til grunnskuleopplæring får det. Tilsynet vurderer om Tysvær kommune rettleier og vurderer rettane til dei som søker om grunnskuleopplæring og om kommunen kartlegg opplæringsbehovet og fattar vedtak som er i tråd med opplæringsbehovet på rett måte. Vurdering av opplæringsbehovet vil også kunne innebere bruk av realkompetansevurdering.

Tysvær opplæringscenter har god rettleiing og informasjon til sine innbyggjarar. Kommunen gjev tilbod om grunnskuleopplæring til alle som har rett til det. I følgje kommunen får fleire deltakarar tilbod om grunnskule før vedtaka om rett til grunnskule blir fatta, noko som i alle høve sikrar at ein kjem raskt i gang med opplæringa sjølv om rett praksis er at alle deltakarar i opplæringa skal ha vedtak i botn. Einskildvedtak om rett til spesialundervisning og særskilt språkopplæring må innehalde meir informasjon om kva tilbod deltakaren har fått vedtak om, og kva kompetanse opplæringspersonale skal ha. Kommunen har no fått på plass rutinar som er eigna til å sikre ein rettmessig praksis i framtida.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kort om kommunen og Tysvær opplæringscenter	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet med Tysvær kommune	3
1.3	Om tilsynsrapporten.....	4
2	Rettleie og handsame søknadar og setje i gang opplæringa	4
2.1	Rettleie og vurdere rettar.....	4
2.1.1	Rettslege krav	4
2.1.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	5
2.2	Kartleggje opplæringsbehov.....	5
2.2.1	Rettslege krav	5
2.2.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	6
2.3	Fatte vedtak som oppfyller opplæringsretten	7
2.3.1	Rettslege krav	7
2.3.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	7
2.4	Vurdere og gjere vedtak om realkompetanse	8
2.4.1	Rettslege krav	8
2.4.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	9
2.5	Oppfylle krava til einskildvedtak	10
2.5.1	Rettslege krav	10
2.5.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	10
2.6	Setje i gang opplæringa.....	11
2.6.1	Rettslege krav	11
2.6.2	Våre funn, vurderingar og konklusjonar.....	11
3	Pålegg om retting	11
4	Frist for retting av brot på regleverket	12
5	Vedlegg: Liste over dokumentasjon.....	13

1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer Statsforvaltaren om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom Tysvær kommune ikkje følgjer regelverket, kan Statsforvaltaren påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette.

Det er Tysvær kommune som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova. Statsforvaltaren gjev derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at Tysvær opplæringsssenter rettar opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at Statsforvaltaren skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningslova og offentliglova. I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

1.1 Kort om kommunen og Tysvær opplæringsssenter

Tysvær kommune er sentralt plassert på Haugalandet og grensar mot kommunane Haugesund, Karmøy, Bokn, Sveio og Vindafjord. Kommunesenteret Aksdal ligg berre 13 kilometer sør-aust for Haugesund. Tysvær kommune er kjend for sin flotte og vekslande natur. Tysvær er ein vekstkommune med ein sær sng befolkning, og med eit godt og desentralisert utbygd skule- og barnehagetilbod.

Tysvær opplæringsssenter ligg på Frakkagjerd i nye lokale. Frå GSI-tala finn vi at om lag 70 vaksne får eit grunnskuletilbod ved senteret. Tysvær opplæringsssenter har tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne etter § 4A-1, spesialundervisning etter § 4A-2 og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar etter introduksjons- og integreringslova.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet med Tysvær kommune

Statsforvaltaren opna tilsyn med Tysvær kommune i brev frå 18. januar 2021. Tysvær kommune vart bedne om å levere dokumentasjon til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er grunnskuleopplæring for vaksne. Grunnskuleopplæring for vaksne er eit av fleire tilsynstema som blir gjennomført som nasjonale tilsyn etter sentralt utvikla instruks og metode. Vi har valt å kontrollere om Tysvær kommune:

- gjev rettleiing og vurderer rettane til vaksne som søker om grunnskuleopplæring
- kartlegg behovet for opplæring
- fattar einskildvedtak med eit rett innhald tilpassa den vaksne
- gjennomfører realkompetansevurdering på rett måte
- oppfyller krava til einskildvedtak
- sett i gong opplæringa innan rimeleg tid

Statsforvaltaren gjennomfører tilsynet ved å vurdere kommunen sine system og prosedyrar på seks underområde nemnt over.

Føremålet med tilsynet er å medverke til at Tysvær kommune får ein praksis knytt til grunnskuleopplæring for vaksne som er lovleg. Statsforvaltaren har ikkje sett på korleis Tysvær kommune oppfyller andre krav i regelverket. I denne rapporten presenterer Statsforvaltaren sine førebelse vurderingar og konklusjonar.

1.3 Om tilsynsrapporten

Statsforvaltarens vurderingar i denne rapporten baserer seg i hovudsak på opplysningar som kjem fram i

- dokumentasjonen kommunen har sendt inn (sjå oversikt i vedlegg)
- informasjonen frå Statsforvaltarens eigne system og offentlege register
- informasjonen på skulen sin nettstad
- intervju med ein lærar, ein rådgjevar, avdelingsleiar, rektor, skulesjef og kommunalsjef oppvekst og kultur
- Dokumentasjon som er sendt inn etter framlegg av den førebelse tilsynsrapport

Føreliggande rapport er endeleg. Statsforvaltaren fattar her einskildvedtak om regelbrot som Tysvær kommune får ei rimeleg tid til å rette. Kommunen har frist til **15. November 2021** med å sende inn ein erklæring om at regelbrota er retta og naudsynt dokumentasjon som synar dette, jf. kommunelova § 30-4.

Rapporten er eit einskildvedtak, jf. forvaltningslova § 2.

2 Rettleie og handsame søknadar og setje i gang opplæringa

2.1 Rettleie og vurdere rettar

2.1.1 Rettslege krav

Kommunen må sørge for å gi rettleiing om og vurdere om søkerar har rett til grunnskuleopplæring for vaksne, jf. opplæringslova §§ 4A-1 og 4A-2 og forvaltningslova § 11. Dette inneber mellom anna:

- Alle som vender seg til kommunen får nødvendig rettleiing om retten til grunnskuleopplæring og realkompetansevurdering.
- Kommunen skal før vedtak om grunnskuleopplæring kontrollere at
 - a. søkjaren er over opplæringspliktig alder
 - b. ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1
 - c. har lovleg opphald i Noreg
- Kommunen må før vedtak kontrollere om søkjaren treng grunnskuleopplæring ved å vektleggje
 - a) søkjarens opplevde behov
 - b. ei kartlegging av om tidlegare opplæring var likeverdig og er tilfredsstillande ut i frå dagens krav
 - c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når den vaksne treng det.

2.1.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

Tysvær kommune har ansvaret for å informere innbyggjarane sine om retten til grunnskuleopplæring. Informasjonen er å finne på Tysvær opplæringscenter si heimeside. Heimesida har kontaktinformasjon og god oversikt over kva Tysvær opplæringscenter tilbyr av tenester. Søknadsskjema for grunnskuleopplæring for vaksne og kven som har rett til grunnskuleopplæring for vaksne, er lett å finne på heimesidene. I følge søknadsskjema tilbyr Tysvær opplæringscenter grunnskule for vaksne både på dagtid og på kveldstid. Det er tilbod om opplæring i einskilde fag og i delar av fag. Tilbodet synes å være godt tilpassa søkjarens behov for eit opplæringstilbod som tek omsyn til livssituasjonen den vaksne er i.

I intervju med avdelingsleiar kom det fram at mange tek direkte kontakt med opplæringscenteret og ber om informasjon og rettleiing. Denne rettleiinga saman med gode nettsider gjer at Statsforvaltaren vurderer at Tysvær opplæringscenter fyller krava til informasjon til dei som har rett til grunnskuleopplæring for vaksne.

I eit tilfelle finn vi at kommunen har fatta vedtak om grunnskule med heimel i § 4A-1, men planlagt progresjon gjer at det ikkje er realistisk å få vitnemål for grunnskulen. I intervju kom det fram at søkjaren har fått tilbod om grunnskuleopplæring fordi han ynskjer det og han vurderer at han har behov for meir grunnskuleopplæring.

Kommunen skal leggje vekt på søkjarens ynskje og opplevde behov jf. § 4A-1. I Ot.prp.nr 44(1999-2000) finn vi i merknad til § 4A-1 ei vurdering av ordlyden «treng grunnskuleopplæring». Søkjarens si eiga vurdering av opplæringsbehovet kan likevel ikkje utan vidare vere avgjerande for om vedkommande har krav på opplæring. Deltaking frå den vaksne, progresjon og mål for opplæringa bør tilpassast tilbodet som vert gjeve. Dette inneber at kommunen i somme høve kan avslå ein søknad om grunnskule.

Oversendt dokumentasjon inneheld ingen vedtak om avslag på grunnskuleopplæring for vaksne. Statsforvaltaren finn at kommunen gjev tilbod til alle som vender seg til kommunen og blir vurdert til å ha rett til grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Konklusjon: Statsforvaltaren vurderer at Tysvær kommune oppfyller lovkrava på dette området.

2.2 Kartleggje opplæringsbehov

2.2.1 Rettslege krav

Kommunen må sørge for å innhente informasjon for å tilpasse opplæringstilbodet til den vaksne sitt behov, jf. opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2 og 4A-8, jf. 5-3. Dette inneber mellom anna:

- Alle søkjarar med rett til grunnskuleopplæring skal få kartlagt i kva fag eller ferdigheiter dei har behov for opplæring
- Alle søkjarar med rett til grunnskuleopplæring skal få kartlagt behov for
 1. særskild språkopplæring
 - b. spesialundervisning
- Ved behov for spesialundervisning skal PPT utarbeide sakkunnig vurdering av kva opplæringstilbod den vaksne bør få
- Alle søkjarar med rett til grunnskuleopplæring må få nødvendig rettleiing om kva for eit tilbod som er tilpassa søkjaren sin situasjon

2.2.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

Dokumentasjonen frå Tysvær kommune inneheld ingen døme på kartleggingsmateriell. I intervju kom det fram kven som kartlegg og korleis kartlegginga vert gjennomført. Tysvær opplæringsssenter gjennomfører kartlegging i introduksjonsprogrammet for deltakarar som ynskjer grunnskuleopplæring for vaksne. Oversendt dokumentasjon for vaksne med rett til grunnskuleopplæring, som har hatt introduksjonsprogram, viser at dei først har fått eit tilbod i norsk og samfunnsfag før dei får tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne. Det kom og fram i intervju at Tysvær kommune vil sjå til at deltakarar i introduksjonsprogrammet først har eit tilfredsstillande nivå i norsk før dei vert vurderte til å fylgje grunnskuletilbod for vaksne. Statsforvaltaren vil ikkje vurdere om denne kartlegginga er gjort på rett måte, men vil kommentere formålet med ny integreringslov. Målet er at fleire skal få meir kvalifiserande kompetanse i introduksjonsprogrammet. I eit introduksjonsprogram med maksimal varigheit på to til tre år med eventuell utviding med eitt år, vil det bli vanskeleg å få plass til grunnskule eller vidaregåande opplæring viss ein ikkje vurderer å starte med grunnskuleopplæring tidleg i introduksjonsprogrammet.

I intervju kom det fram at Tysvær opplæringsssenter kartlegg deltakaren sin kompetanse kontinuerleg og vurderer om personen skal bytte gruppe, slik at grunnskulen kan gjennomførast på kortare tid enn først planlagt. I ein skilde tilfelle får deltakaren prøve seg i fag på i eksamensførebuande nivå, men kan bli vurdert til å gå ned til det nivået han hadde. Modellen med at deltakarar kan bytte nivå undervegs gjev kanskje nokre utfordringar for personalet, men det gjev deltakaren moglegheit til å få opplæring tilpassa sitt faglege nivå.

I oversendt dokumentasjon finn Statsforvaltaren ingen vedtak om tospråkleg fagopplæring. I intervju vart det opplyst om eit forsøk som Tysvær opplæringsssenter var med i - Fleksibel opplæring. Dette var eit prosjekt i regi av NAFO der deltakaren fekk fagtimar over nett på sitt eige språk. Tysvær opplæringsssenter kom til at deltakaren nytta dette tilbodet i liten grad. Det kravde stor grad av tilrettelegging av timeplan og tilbodet hadde også ein kostnad knytt til seg. I følgje rektor vart tilbodet tatt bort på grunn av liten interesse og bruk, og ikkje av økonomiske grunnar.

Statsforvaltaren har fått opplyst at ingen deltakarar får tospråkleg fagopplæring dette skuleåret. Dei som har fått rett til særskilt språkopplæring er ikkje vurderte til å ha rett til tospråkleg fagopplæring. Rett til tospråkleg fagopplæring kan fylgje vedtaket om særskilt språkopplæring, jf. Udir -3-2012 der den vaksne sin rett til særskilt tilrettelegging kan være: *Særskilt språkopplæring, herunder morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring.*

Tysvær opplæringsssenter treng ikkje fatte eige vedtak om tospråkleg fagopplæring, men tilbodet må være tilgjengeleg for dei som ikkje har gode nok norskkunnskapar til å følgje fagopplæring på norsk. Vedtaket om særskilt språkopplæring må innehalde ei vurdering om behov for tospråkleg fagopplæring.

Konklusjon: Statsforvaltaren vurderer at Tysvær kommune oppfyller lovkrava på dette området.

2.3 Fatte vedtak som oppfyller opplæringsretten

2.3.1 Rettslege krav

Vedtak om rett og innhald. Kommunen må sørge for å fatte einskildvedtak som oppfyller søkaren sin rett til opplæring tilpassa sitt behov. Dette inneber mellom anna:

- Kommunen må fatte vedtak om grunnskuleopplæring utan ugrunna opphald etter at søknad er motteken.
- Kommunen må fatte eit skriftleg einskildvedtak som konkluderer med at søkaren ikkje har rett, for alle som ikkje oppfyller vilkåra.
- For alle søkarar som blir vurderte til å ha rett, skal kommune fatte eit einskildvedtak som inneheld informasjon om:
 - a. konklusjon om at søkaren har rett
 - b. om den vaksne skal ha særskild språkopplæring
 - c. kva innhaldet i opplæringa skal vere (fag, delar av fag, grunnleggjande dugleik mv.
 - d. Kva organisering opplæringa skal ha (tidpunkt på dagen, vekedagar, skule/fjernopplæring mv.)
 - e. Kva omfang opplæringa skal ha (timar i veka eller anna informasjon)
 - f. Kva kompetanse opplæringspersonale skal ha viss den vaksne har vedtak om spesialundervisning
- For alle søkarar som blir vurderte til å ha rett, skal kommune fatte eit einskildvedtak om spesialundervisning som inneheld informasjon om:
 - a. konklusjon om at søkaren har rett
 - b. kva innhaldet i opplæringa skal vere (fag, delar av fag, grunnleggjande dugleik mv.
 - c. Kva organisering opplæringa skal ha (tidpunkt på dagen, vekedagar, skule/fjernopplæring mv.)
 - d. Kva omfang opplæringa skal ha (timar i veka eller anna informasjon)
 - e. Kva kompetanse opplæringspersonale skal ha
- Kommunen må grunngi vedtak som vik frå den sakkunnige vurderinga, og vise kvifor opplæringa den vaksne får likevel vil gi eit forsvarleg utbyte av opplæringa
- Kommunen må i vedtaket utforme eit opplæringstilbod som gir den vaksne eit forsvarleg utbyte av opplæringa.

Heimel: Opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2, 4A-12 og 5-3, jf. § 4A-8 og 5-1 og forvaltningslova §§ 2, 11a, 23 og 24.

2.3.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

Statsforvaltaren har fått fire vedtak om rett til grunnskuleopplæring frå kommunen. Opplæringa som blir gitt skal tilpassast deltakaren, og han eller ho har gjennom denne tilpassinga også rett til særskild språkopplæring. Særskild språkopplæring kan inkludere tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring i tillegg til særskilt norskopplæring, viss dette er naudsynt for å styrke innlæringa av norsk. Det konkrete tilbodet om særskild språkopplæring skal inngå som ein del av vedtaket om grunnskuleopplæring¹ Udir-3-2012, særleg pkt. 4.6.1.

Vi har ikkje døme på vedtak om avslag på grunnskuleopplæring i dei tilfella Tysvær vurderer at ein søkjar ikkje har rett. Vårt inntrykk er at kommunen strekker seg langt for å tilby opplæring. I dei tilfella kor personar har godkjent høgre utdanning frå heimlandet, har dei som eit

utgangspunkt ikkje rett til korkje grunnskule- eller vidaregåande opplæring for vaksne etter kapittel 4A i opplæringslova.

Fleire av vedtaka viser at deltakarane får særskild norskopplæring. Dokumentasjon og intervju syner at ingen får tospråkleg fagopplæring på Tysvær opplæringsssenter. Vi ser ikkje konkrete vurderingar av eller grunngevingar for kvifor tilbodet om språkopplæring blir utforma slik det gjer, eller kvifor dei ikkje får tilbod om tospråkleg fagopplæring. Nokre av deltakarane har ein særleg låg norskkompetanse og ville truleg ha stor nytte av slik opplæring. Sagt på ein annan måte; vi er usikre på om dei får utbytte av opplæringa i fag utan slik tospråkleg støtte.

Vi har i dokumentasjonen frå kommunen fått eitt døme på vedtak om spesialundervisning. Vi har og fått tilsend ein mal for slike vedtak som omtalar krav til å opplyse om kompetanse til den som skal gjennomføre spesialundervisninga. Ei slik omtale er ikkje inkludert i det reelle vedtaket, og vi oppmodar kommunen til å sjå til at dette punktet nyttast i framtida. Vi ser at vedtak om grunnskuleopplæring for aktuell deltakar berre er gjeldande ut 2020, mens vedtak om spesialundervisning gjeld for heile skuleåret 2020-2021.

Det går fram både av sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning at deltakaren ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Han har likevel berre vedtak om ein time spesialundervisning i veka, i form av lesetrening. Vi har fått vite i intervju at han no har takka nei til å ta i mot spesialundervisninga. Etter vår vurdering får denne deltakaren i realiteten ei opplæring for å oppretthalde grunnleggande dugleikar, jf. § 4A-2 (2), og at deltakar og opplæringsssenteret ikkje tar sikte på at han fullfører grunnskuleopplæringa med vitnemål. Det går ikkje fram av grunngevinga i vedtaket kvifor han berre har opplæring i to fag og i eit avgrensa timetal. Sett bort frå den eine veketimen som er grundig omtala i vedtak om spesialundervisning, går det i liten grad fram kva han får av opplæring elles i norsk og engelsk, korleis opplæringa er organisert, kor lenge denne er tenkt å vare eller korleis han skal oppnå måla han har for opplæringa. Vedtak om spesialundervisning er i dette høve i tråd med sakkunnig tilråding. Vi kan likevel ikkje sjå at PPT eller kommunen grunngir kvifor sakkunnig tilråding eller tilbodet han får om spesialundervisning sett saman med resten av opplæringa i norskfaget vil gi deltakaren ei forsvarleg opplæring. Vi ser heller ikkje korleis vedtaket som kommunen har fatta etter § 4A-1 skal gi han forsvarleg opplæring eller bidra til at han når måla for opplæringa. For Statsforvaltaren ser det ut til at kommunen og PPT sine forsøk på å utarbeide eit forsvarleg tilbod ikkje er eit tilbod deltakaren ønsker å ta i mot, samstundes som vi ikkje kan sjå at han kan nå måla han har satt for grunnskuleopplæringa. Måla hans er, slik dei står i vedtak av 21.08.2020 om innvilga grunnskuleopplæring; å delta i arbeidslivet, følgje opp eigne born i deira grunnskuleopplæring og ta andre kvalifiserande kurs. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at desse måla er realistiske å nå for deltakaren på kort eller lang sikt utan ein tydelegare plan, og med eit heilskapleg opplæringsinnhald som sikter mot eit vitnemål.

Konklusjon: Statsforvaltaren vurderer at Tysvær kommune ikkje oppfyller lovkrava på dette området. Kommunen må sørge for å fatte einskildvedtak som oppfyller søkaren sin rett til opplæring tilpassa sitt behov.

2.4 Vurdere og gjere vedtak om realkompetanse

2.4.1 Rettslege krav

Kommunen må sørge for å tilby, gjennomføre, dokumentere og fatte vedtak ved realkompetansevurdering, jf. opplæringslova §§ 4A-1, forskrift til opplæringslova §§ 4-6 og 4-11, jf. forvaltningslova §§ 2, 11a, 17 og 23. Dette inneber mellom anna:

- Kommunen skal gjennomføre realkompetansevurdering for søkerar som har rett til grunnskuleopplæring og som ynskjer ei realkompetansevurdering
- Kommunen skal gjennomføre realkompetansevurdering utan ugrunna opphald
- Kommunen skal gjennomføre realkompetansevurdering ved å:
 - a. kartleggje den vaksne sin formelle, uformelle og ikkje-formelle kompetanse
 - b. vurdere den vaksne sin kompetanse etter kompetansemåla for fag i LK06
 - c. vurdere om kompetansen er likeverdig med kompetansen frå grunnskuleopplæringa
 - d. konkludere om den vaksne sin kompetanse er godkjent eller ikkje godkjent i heile eller delar av fag
- Kommunen må fatte einskildvedtak for alle som har fått kompetansen sin vurdert
- Det må gå fram av einskildvedtaket om kompetansen til den vaksne er godkjent til å svare til heile eller delar av fag

Den vaksne som har fått godkjent realkompetanse skal få eit kompetansebevis

2.4.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

I intervju kom det fram at Tysvær opplæringsssenter har lite omfang av realkompetansevurdering. Opplæringsssenteret opplyser at dei har lite kompetanse på området og saknar verktøy som andre vaksenopplæringsssenter har fått tilgang til gjennom FVO-ordninga. At ei realkompetansevurdering er langt grundigare og meir omfattande enn kartleggingstestar, ser ein mellom anna når Utdanningsdirektoratet i dei nasjonale retningslinene gjev som anbefaling at *det i mange tilfeller er nødvendig med meir enn èn fagperson som gjennomfører vurderingen, for å sikre påliteligheten og gjennomføringen av realkompetansevurderingen på et forsvarlig grunnlag.*

I oversendt dokumentasjon finn vi ei realkompetansevurdering i faget engelsk. Tysvær opplæringsssenter har vurdert kompetansen etter 10.trinn, engelsk LK-06. Både munnlege og skriftlege kompetansemål er tatt inn i realkompetansevurderinga, og deltakaren har fått kompetansebevis frå realkompetansevurderinga.

Realkompetansevurdering er tenkt brukt ved inngangen til opplæringa for å kartleggje elevens kompetanse i faget. Formål med realkompetansevurdering er todelt. Ein skal vurdere om eleven har full kompetanse i faget og dermed gjere ei vurdering om eleven har bestått faget jf. forskrift til opplæringslova § 4-11, der ein kan nytte realkompetanse som sluttvurdering. Alternativt kan ein nytte realkompetansevurdering der ein skal vurdere om eleven kan få avkorta opplæringstida sidan eleven har kompetanse i delar av fag jf. forskrift til opplæringslova § 4-6. Realkompetansevurdering er ikkje tenkt brukt som ein dokumentasjonsordning på kompetanse eleven har fått gjennom eit opplæringstilbod, jf. nasjonale retningsliner for realkompetansevurdering (udir.no).

Eleven har i dette tilfelle blitt kartlagt og fått vedtak om rett til grunnskuleopplæring på 8. -9. trinn engelsk. Kommunen har så etter nokre månadar med opplæring gjennomført realkompetanse etter 10. trinn. Bruk av realkompetanse i dette tilfelle kan sjå ut som ei dokumentasjonsordning på oppnådd kompetanse etter at opplæring er gjeven.

Statsforvaltaren vurdere at Tysvær kommune har god forståing i lovkrav om korleis realkompetansevurdering skal gjennomførast. Tysvær kommune har derimot ikkje gjennomført realkompetansevurdering i forkant av opplæringstilbodet for så å godkjenne heile eller delar av fag. I følge nasjonale retningsliner for realkompetansevurdering har elever som har rett til grunnskuleopplæring også rett til å bli realkompetansevurdert Dette kjem av opplæringslova § 4A-8 der den vaksne har rett til rettleiing.

I intervju kom det fram at kommunen hadde gjort berre dette eine oversendte vedtaket på realkompetansevurdering i nyare tid. Kommunen gjennomfører god kartlegging jf. 2.2.2. Kartlegging vil være ei vurdering på kva opplæringstilbod som vil være tenleg, mens realkompetansevurdering vil være dokumentasjon på kompetanse som kan danne grunnlag for inntak i vidaregåande opplæring.

Sidan realkompetansevurdering er nytta i så liten grad bør Tysvær kommune vurdere om retten til realkompetanse er godt nok opplyst for elevar i vaksenopplæringa.

Konklusjon: Statsforvaltaren vurderer at Tysvær kommune ikkje oppfyller alle lovkrav på dette området. Kommunen skal gjennomføre realkompetansevurdering for søkjarar som har rett til grunnskuleopplæring og som ynskjer ei realkompetansevurdering

2.5 Oppfylle krava til einskildvedtak

2.5.1 Rettslege krav

Kommunen må sørge for at sakshandsaminga fyller generelle krav i forvaltningslova til innhald i einskildvedtaka. Dette inneber mellom anna:

- Kommunen må sikre at einskildvedtak som gjeld grunnskuleopplæring og spesialundervisning viser til rett heimelsgrunnlag og kva for lovføresegner avgjerla bygger på
- Det må gå klart fram kva faktiske høve som er lagd vekt på
- Kommunen må sikre at den i vedtak som ikkje innfrir ein søknad fullt ut, opplyser om høve til å klage, frist, klageorgan og kor klagen skal sendast
- Kommunen må og opplyse om rett til å sjå dokument i saka

Heimel: Forvaltningslova §§ 24, 25 og 27, jf. §§ 18 og 19.

2.5.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

I vedtak om spesialundervisning fatta 17.11.2020 går det ikkje klart fram under overskrifta Vilkår for rett til spesialundervisning, om den aktuelle deltakaren får tilbodet etter § 4A-2 fyste eller andre ledd. Dette går fram som eit vurderingstema i malen og er noko kommunen faktisk må ta stilling til. I eit høve av vedtak om grunnskuleopplæring viser Tysvær opplæringscenter til at deltakaren har fritak for vurdering i særskilt norsk fordi han følger læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar. Det skal ikkje nyttast vurdering med karakter etter denne læreplanen, og difor er det heller ikkje naudsynt med fritak. Denne deltakaren får vidare opplæring på 7.trinns-nivå kor det i alle høve ikkje nyttast talkarakter.

Kva som er lagt vekt på når vedtak blir fatta, er i nokre høve svært kort omtalt. Mellom anna for dømet med deltakaren med spesialundervisning. Omtale av resultat frå kartlegginga av norskknivå for deltakarane, og som kan grunnje val av læreplan, går heller ikkje tydeleg fram. Læreplan i grunnleggjande norsk er ein overgangsplan, og målet må vere ein overgang til ordinær norskplan så snart det er mogleg for deltakaren.

Konklusjon Etter Statsforvaltaren si vurdering fyller Tysvær kommune sine vedtak i det vidare alle dei formelle krava slik dei går fram av forvaltningslova, med unntak av at:

- Kommunen må vise til rett heimel som grunnlag for vedtaket

2.6 Setje i gang opplæringa

2.6.1 Rettslege krav

Kommunen må sørge for å setje i gang opplæringa innan rimeleg tid for alle som oppfyller vilkåra til rett til grunnskuleopplæring

Heimel: Opplæringslova §§ 4A-1 og 4A-2.

2.6.2 Våre funn, vurderingar og konklusjonar

Statsforvaltaren vurderer at opplæringa blir sett i gang straks, og i følge kommunen i somme høve før vedtak om grunnskuleopplæring er fatta. Lovkrava blir oppfylt på dette området.

3 Pålegg om retting

Statsforvaltaren har funne at Tysvær kommune ikkje etterlever regelverket på alle område. Statsforvaltaren varslar følgjande pålegg som er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i den endelege tilsynsrapporten, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Rettleiing og handsaming av søknadar

Fatte vedtak som oppfyller rett til opplæring

- 1. Tysvær kommune må sørgje for å fatte einskildvedtak som oppfyller søkjaren sin rett til opplæring som er tilpassa sitt behov, jf. opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2, 5-3, jf. forvaltningslova §§ 2, 23 og 24. Tysvær kommune må i samband med dette sjå til at Tysvær opplæringsssenter:**

- a.** fattar einskildvedtak om rett til spesialundervisning som tek stilling til kva slags kompetanse undervisningspersonlet må ha ved spesialundervisning.
- b.** fattar einskildvedtak som inneheld rett til særskild språkopplæring for dei som har behov for det, inkludert tospråkleg fagopplæring og eventuelt morsmålsopplæring.
- c.** fattar einskildvedtak som inneheld eit opplæringstilbod som er tilpassa den vaksne sitt behov slik at den vaksne kan få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa sett opp mot deltakaren sine mål og hensikta med grunnopplæringa.

Tilby realkompetansevurdering til deltakarar med rett til grunnskuleopplæring

- 2. Kommunen skal gjennomføre realkompetansevurdering for søkjarar som har rett til grunnskuleopplæring og som ynskjer ei realkompetansevurdering. Tysvær kommune må i samband med dette sjå til at Tysvær opplæringsssenter:**

a) gjennomfører realkompetansevurdering for deltakarar med rett til grunnskuleopplæring, og som ynskjer ei realkompetansevurdering.

Oppfylle krav til einskildvedtak

3. **Tysvær kommune må sørge for at saksbehandlinga ved einskildvedtak som gjeld grunnskuleopplæring, oppfyller forvaltningslova sine krav til einskildvedtak, jf. forvaltningslova §§ 24, 25 og 27. Tysvær kommune må i samband med dette sjå til at Tysvær opplæringscenter:**

a. viser til rett heimel som grunnlag for vedtaket.

4 Frist for retting av brot på regelverket

Statsforvaltaren har i kapitla 2.3 og 2.4 konstatert brot på regelverket. Statsforvaltaren pålegg Tysvær kommune om snarast mogleg, og seinast innan **15.november**, å rette brota, jf. kommunelova § 30-4.

Skuleeigar må innan denne datoen sende Statsforvaltaren ei erklæring om at brota på regelverket er retta, med vedlagt relevant og naudsynt dokumentasjon som syner rettinga.

Una Bjørnseth Haugen
tilsynsleiar

Jarle Sæbø
rådgivar

5 Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Delegeringsreglement Tysvær kommune
- Grunnskulevedtak G-1
- Grunnskulevedtak G-2
- Kompetansebevis for grunnskulen – engelsk
- Vurdering av realkompetanse for grunnskuleopplæringa
- Vedtak om innvilga grunnskuleopplæring for vaksne
- Einskildvedtak om rett til grunnskuleopplæring i eit fag
- Sakkunnig vurdering om rett til spesialundervisning etter § 4A-2 første ledd, PPT
- Vedtak om spesialundervisning på grunnskulen sikk område § 4A-2
- Ny vedtaksmal for spesialundervisning
- Svar i Reflex frå dei sju vi intervjuar, saman med vedlagt dokumentasjon
- Diverse informasjon om vaksenopplæring, kartlegging, realkompetanse med meir på kommunen si nettside

Det vart gjennomført intervju ved Tysvær opplæringscenter 28. april 2021.

Det var intervju med:

- Kommunalsjef oppvekst og kultur
- Skulesjef
- Rektor
- Leiar av PPT
- Avdelingsleiar
- Rådgjevar
- Lærar

Medlemsinformasjon juni 2021

Til FKTs medlemmer – kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat

Sommerferien nærmer seg for de fleste. For FKTs sekretariat er det tid for å oppsummere det halvåret som vi har lagt bak oss og legge planer for høsten. Vi håper å treffe mange av dere kommende høst.

Kurs og konferanser

Kontrollutvalgslederskolen 2021, 18.-19. oktober (fysisk og digital)

Vi fikk gode tilbakemeldinger på Kontrollutvalgslederskolen i fjor og ønsker å fortsette med dette tilbudet. Vi satser på fysisk samling som strømmes til de av dere som vil delta digitalt.

I år har vi gitt alle kontrollutvalgsledere anledning til å komme med forslag til tema. Tusen takk for alle gode innspill! Programmet er klart, og vi har åpnet for påmelding fra hjemmesiden (klikk på lenken over).

For å få gjennomført det faglige opplegget på en best mulig pedagogisk måte, har vi satt et tak på antall deltakere ca. 50 personer for det fysiske arrangementet. Kontrollutvalgsmedlemmer kan melde seg på, men lederne vil bli prioritert. Vi holder av noen plasser til sekretariat.

Frist for påmelding til fysisk samling: 24. september. Frist for påmelding til digitalt arrangement: løpende fram til 17. oktober

Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning

På fagkonferansen i år fikk vi tilbakemeldinger om at det var behov for kurs i hvordan kontrollutvalget kan skrive uttalelse til årsregnskap og årsberetning basert på FKTs veileder.

Vi er i gang med å planlegge et digitalt kurs til høsten og vil komme med mer informasjon om det etter sommeren.

Konferanser og kurs våren 2022

For de av dere som er tidlig ute med å legge møteplaner, kan det være verdt å merke seg datoen for konferansene våren 2022:

- Sekretariatskonferansen 2022, Scandic Lillestrøm, 16.-17. mars
- Fagkonferanse og årsmøte 2022, Lily Contry Club 8.-9. juni 2022

Sekretariat:

FKT
Postboks 41 Sentrum
0101 Oslo
fkt@fkt.no

Telefon
414 71 166

www.fkt.no
Twitter: [@FKT_no](https://twitter.com/FKT_no)
Bank: 0539 43 90447
Org. nr. 989 545 159

Ny veileder til høring

Sekretariatene har visse plikter etter personvernregelverket når personopplysninger samles inn og brukes. FKT har derfor utarbeidet et forslag til mal for personvern rutine for kontrollutvalgssekretariat som kan være til hjelp slik at sekretariatene kan få bedre oversikt over behandling av personopplysninger. Formålet er å sikre at personopplysninger behandles på en forsvarlig måte.

Alle kontrollutvalgssekretærer har fått invitasjon til et digitalt høringsmøte 13. september. Frist for å sende skriftlig hørings svar er 1. oktober.

Ny rapport om valg av varamedlemmer til kontrollutvalget

Rapporten er en videreføring av en undersøkelse som ble gjennomført våren 2020 (delrapport 1).

Delrapport 1 – Valg av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg, omhandler kommunenes og fylkeskommunenes etterlevelse av kommunelovens § 23-1 ved valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023.

Delrapport 2 – Valg av varamedlemmer til kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg, ble presentert på FKTs digitale fagkonferanse 2. juni. Hovedmålet med undersøkelsen var å se på kommunenes og fylkeskommunenes etterlevelse av kommunelovens §§ 7-5 til 7-7 ved valg av varamedlemmer til kontrollutvalg for perioden 2019-2023. Undersøkelsen er gjennomført i tidsrommet 12.mars – 18.mai 2021 av Kjell Tore Wirum, 1.vara til styret i FKT.

Høringer

FKT har gitt høringssvar til NOU 2020: 13 Private aktører i velferdsstaten. Vi mener at utvalget har gjort et viktig arbeid for å gi en samlet oversikt over det rettslige rammeverket for private aktører i velferdsstaten. Utvalgets anbefalinger kan bidra til at offentlige midler i størst mulig grad går til produksjon av faktisk velferd.

Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vi har mottatt var fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet på spørsmål om personvernombud for kontrollutvalgssekretariat. FKT tilbyr personvernombudstjeneste til kontrollutvalgssekretariatene. Ta kontakt med sekretariatet hvis du er interessert i tilbudet eller lurer på noe i den forbindelse. Du kan også lese mer på medlemssidene.

Vi har også mottatt svar på spørsmål om varsling til kontrollutvalget om møter i selskap

Styret og årsmøtet

Styret hadde møte 31. mai. Du finner protokollen vedlagt og på medlemssiden (krever pålogging). På årsmøtet 1. juni ble det valgt nytt styre. Det var få utskiftninger i år.

Oversikt over styresammensettingen 2021-2022. Styret har sitt neste styremøte 16. august i Arendal.

Protokoll fra årsmøtet 1. juni

Nye medlemmer

Vi ønsker kontrollutvalgene i Flatanger og Levanger kommuner velkommen som nye medlemmer i FKT. Nå har vi 205 medlemmer (184 kontrollutvalg og 21 sekretariat).

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)

De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

FKT ønsker alle medlemmer en god sommer!



Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen,
Generalsekretær